



Året vårt

Det er tolv månader og fire årstider i eit år. Det er 30 eller 31 dagar i kvar måned, men i februar er det berre 28 dagar. Kvart fjerde år er det skotår, og då har februar 29 dagar. Året er delt inn i fire årstider. Sommar, haust, vinter og vår. Året startar og avsluttar med vinter, og desember, januar og februar vert kalla vinter-månader. Mars, april og mai er vår-månader. I juni, juli og august er det sommar, og det er haust i september, oktober og november.

Dyr og fuglar merkar også at årstidene endrar seg. Nokre dyr går i hi heile vinteren, medan andre skiftar farge på pelsen. Bjørn og raudrev er i dvale når det er vinter, og haren skiftar frå brun til kvit pels. Han skal kamuflere seg. Ekornet hamstrar nøtter så han har nok mat. Nokre fuglar flyg til varmare land når det nærmar seg vinter. Gauken flyg lengst, heilt til Afrika. Også naturen endrar farge for kvar årstid. Hausten er fargerik, med raude og gule blad. Vinteren er kvit og grå. Om våren kjem det grønne blad på trea.

Om vinteren er det mange som likar å gå på ski. Når våren kjem, finn ungar fram hoppetau, sykklar og fotball.